



Saksframlegg

Søknad om investeringsstøtte - Grunnvik Landhandel

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		11.06.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

- Søknad om tilskot til investering – Grunnvik Landhandel AS
- Investeringsbudsjett

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot frå næringsfondet - Grunnvik Landhandel

Bakgrunn for saka:

Grunnvik Landhandel AS (Joker Grunnvik), org.nr. 979263643 er i dag etablert på Molandsmoen etter at verksemda flytta frå Grunnvik i 2008. Grunnvik Landhandel AS er ein del av Joker-kjeden, og hadde i 2023 ei omsetjing på 22,3 millionar kroner (Brønnøysundregisteret). Innehavarane har eit ynskje om å kunne tilby ein sosial møtestad knytt til butikken, der folk kan site ned for ein prat og ein kaffi, ein stad der dei kan servere enkle måltid/varmmat for folk på farten, samt betre fasilitetane for sal av blomar. Dagleg leiar Mai Kile søker på vegne av Grunnvik Landhandel AS om eit tilskot på kr. 600 000,- frå næringsfondet til den planlagde investeringa.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige – Fyresdal skal vere ein god stad å bu og leve, samt strategi for næring og arbeidsliv – Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling.

Joker Grunnvik er ei viktig forretning i Fyresdal, både for fastbuande og tilreisande. Forretninga hadde jf. Proff.no ei omsetning i 2023 på gode 22,3 millionar kroner, ei auke på 1,6 millionar frå 2022. Forretninga driv godt, og har i fylje Proff.no 15 tilsette, og er såleis ein viktig arbeidsplass i bygda. Joker Grunnvik har i alle år vore ein møteplass for folk i Fyresdal, ein butikk med meir en bare varer. I bygget på Molandsmoen er det tilrettelagt ein eigen kaffekrok, med bord og stolar, kaffemaskin, og noko å lese i. Kroken samlar delar av bygda som ikkje elles er i sosiale lag, eller oppsøker «ukjende» forsamlingar. No ynskjer innehavarane å bygge ut denne sosiale arenaen, for å gjere tilbodet endå betre, og å ha plass til fleir av dei som ynskjer å sete seg ned for eit uformelt møte eller eit lite måltid.

Kaffekroken på Joker Grunnvik er med på å forebygge einsemd. Det er viktig i dagens samfunn. Fyresdal er i år vald ut som pilot i regi av Telemark Fylkeskommune, for å setje fokus på

inkluderande turopplevingar, og det å forebygge einsemd. I mai i år hadde Fyresdal kommune ein presentasjon for Fylkeskommunen, der Joker Grunnvik vart synt fram som eit døme på ein møtestad med særskild omsorg for denne innbyggjargruppa, lyfta fram som «best i klassa» i prosjektet.

I tillegg til å vere ein inkluderande møtestad, ynskjer Joker Grunnvik på sikt også å kunne tilby varmmat for folk på farten; familiar som ynskjer ein stad å ete mellom arbeid/skule og fritidsaktivitetar, yrkessjåførar m.m. På sikt ynskjer forretninga å vere ein samlingsstad for alle, med tilbod om t.d. strikke-kafé, teiknekrok, TV, bingo etc. Eit lågterskel tilbod om mat og ein stad å site ned for ein «pust i bakken». I tillegg til lokale inne, er planen å utvikle uteområdet, med ein platting mot leikeplassen, med benkar og eit hyggeleg uteområde.

Joker Grunnvik er sentral på Molandsmoen, dette er den fyrste forretninga ein kjem til om ein kjem frå nord. I dag er det mange aktivitetar knytt til flyplassen; modellfly, fallskjermstømne, mc-trening m.m. Dette er kundegrupper som lett nyttar Joker Grunnvik om tilbodet er attraktivt og innbydande. I vedtatt strategi og tiltaksplan for turisme 2024 skal ein jobbe for å få fram fleire serveringstilbod i bygda, og med tilbod om varmmat og ein god stad å sitje, vil Joker Grunnvik verte eit slikt tilbod ein etterspør, med betra kapasitet og tilbod for både tilreisande og fastbuande i bygda, med faste, føreseielege opningstider.

Ein annan viktig årsak til utbygginga er auka omsetning av blomar. Etter at blomsterbutikken i sentrum vart lagt ned i 2024, har Joker Grunnvik overtatt mykje av marknaden for sal av blomar, binding av bukettar m.m. Dette er plasskrevjande, og er lite foreinleg med det tronge inngangspartiet slik det er i dag.

Satsinga til Joker Grunnvik fell inn under mange av strategiane i samfunnsdelen av kommuneplanen;

- Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige
 - Fyresdal skal vere ein god stad å bu og leve; ein skal legge til rette for gode nærmiljø og ivaretake livsfaseperspektivet, ein skal stø opp innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod, og ein skal legge til rette for gode møteplassar.
- Strategi for næring og arbeidsliv
 - Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikling av kommunen som turistdestinasjon.
- Strategi for helse og omsorg
 - Fyresdal kommune skal ha førebyggjande folkehelsetiltak som er lett tilgjengelege, her skal ein stimulere til at innbyggjarane tek vare på eiga helse (også psykisk), og nyttar seg av nærmiljøet. Vidare skal ein leggje til rette for førebygging i alle livsfasar.

Av budsjettet som fyljer søknaden, ser ein at det er planlagt å investere 1 483 000 i bygning, innreiing og uteområde. I ei vurdering av søknaden vil det vere bygningsmesige investeringar som leggjast til grunn, og ute-benkar, innreiing og kaffemaskin vil måtte utgå. Då sit ein att med eit grunnlag på kroner 1 148 000,-. Om ein vel å tildele 225 000,- kroner utgjer dette nær 20% av medrekna kostnader.

Kort oppsummera skal Fyresdal kommune gjennom *handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar* bidra til å skape - og halde på - lønsamme arbeidsplassar i bygda. Næringsfondet i Fyresdal kommune skal ut frå dette målet nyttast til beste for utvikling av nytt og eksisterande næringsliv i bygda, slik at kommunen blir ein god stad å bu og virke.

Konklusjon:

Satsinga til Grunnvik Landhandel AS/Joker Grunnvik fell godt inn under fleire av strategiane i kommuneplanens samfunnsdel, samt føremålet med bruk av næringsfondet. Det er prisverdig at innehavarane tek rolla som vertskap for ei gruppe som ikkje elles oppsøker sosiale arenaer.

Dette er svært viktige tiltak, og vert framheva av Fylkeskommunen som noko unikt. Fyresdal har framleis lite mangfald av serveringsstader gjennom sumar/turistsesong, og slik satsinga er tenkt, vil Joker Grunnvik kunne ta ei rolle i servering av folk i farta, ved arrangement/stemner på flyplassen m.m. Joker Grunnvik har allereie eit godt renommé når det gjeld sal av blomar/blomsterbindingar, varer det er behov for også i Fyresdal. Om ein vel å stø opp om investering i bygg og tilrettelegging utandørs, utgjer dette ein kostnad på 1 148 000,-. I høve innvilga tilskot til andre samanliknbare verksemdar i Fyresdal, synes det vere rimeleg å stø investeringa med 20% av medreikna kostnadar, dette vil utgjere kr. 225 000,-.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr 225 000,- i investeringstilskot til Grunnvik Landhandel AS, org.nr. 979263643, til dokumenterte utgifter i samband med utbygging av forretninga. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond, som etter løyvinga har ein saldo lik 2 000,- kroner.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef